



## MØTEBOK

Tidspunkt: Fredag 09.07.06.21

Stad: E-post møte

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke og Randi Legård

Innkalla vararepresentant: Svein Myrheim

### Saker til styremøtet

Sak 39/21: Jakt på hjort og elg på Røldal Statsallmenning

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Svein Myrheim/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Håkon Småbrekke/s/

*Røldal Fjellstyre –5760 Røldal*

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 902 13 655- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)

## Sak 39/21: Jakt på hjort, rådyr og elg på Røldal Statsallmenning

### Saksdokument:

- 2021.06.25 Søknad om eventuell dispensasjon frå §2 og §8 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»
- 2021.07.08 Røldal Fjellstyre gis dispensasjon frå «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning»

### Saksutgreiing (THHT):

Tor Helge er leiar i Røldal Hjorteviltvald og ynskjer difor å verte erklært inhabil i denne saka. Det er viktig at resten av styret er klar over at saksutgreiinga likevel er gjort av Tor Helge, og at dei tar høgde for dette når dei behandlar saka.

Tor Helge har, som fjellstyreformann, vore i kontakt med viltansvarleg i kommunen angående moglegheit til å skyte hjort og elg på statsallmenninga. Pga CWD-situasjonen opnar det seg ein moglegheit for å få til dette. Kommunen stilte seg positiv til det, og har sjekka vidare med miljødirektoratet.

Viltansvarleg tok då kontakt med leiar i Røldal Hjorteviltvald, og spurte om det kunne vera ei løysing at statsallmenninga vert lagt til som eige jaktfelt i Hjorteviltvaldet. Dette godkjente Tor Helge Haara Tjemsland; leiar i Røldal Hjorteviltvald etter tett dialog med leiar i Røldal Fjellstyre, Tor Helge Haara Tjemsland.

Vilkåret til Hjorteviltvaldet var at det ikkje skulle påverka Hjorteviltvaldet, verken med meirarbeid eller i form av færre løyver. Dette aksepterte viltansvarleg i kommunen. Fjellstyret må difor ta stilling til om dette er ei akseptabel løysing for dei, samt korleis ein i tilfelle skal organisere jakta.

Det ingen reel fare for at det vil verte enorm felling av verken hjort, rådyr eller elg på statsallmenninga. Einaste forskjellen frå før er at det no vert mogleg å felle elg og hjort om ein mot formodning møter på nokon.

I og med det er svært liten sannsynlegheit for å møte på elg, rådyr eller hjort, vil det vera lite hensiktsmessig å selje egne løyver for dette. Med tanke på CWD problematikken så bør alt av hjort, rådyr og elg på Hardangervidda tas ut.

Forslaget til Tor Helge er at det på statsallmenninga vert fri jakt på hjort, rådyr og elg for alle som løyser reinskort. Jegerane må betala fellingsavgift til hjorteviltvaldet i etterkant slik som dei andre jaktfelte i Hjorteviltvaldet, der utanbygdsjegerar betalar dobbel pris, slik som ved villreinjakta.

I «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning» er det strenge krav til korleis jakt på elg, rådyr og hjort skal organiserast på statsallmenning, samt korleis denne skal verte gjort tilgjengeleg for allmennheita. Det kjem ikkje klart fram i forskrifta om vår situasjon er omfatta av denne. Leiar har difor søkt miljødirektoratet om ein eventuell dispensasjon frå dei aktuelle paragrafane. Miljødirektoratet gav Røldal Fjellstyre dei nødvendige dispensasjonane for jakta 2021.



Det er eit krav for elg og hjortajakt at ein har tilgong på ettersøkshund. Røldal Hjorteviltvald inngår kvar år ein avtale om dette på vegne av jaktfelta som er med i Hjorteviltvaldet. Dette beløpet vert forskottert av Hjorteviltvaldet. Økonomien til valdet er dårleg, og alle jaktfelta betalte i si tid inn eit beløp avhengig av storleik for å gje valdet kapital til desse utgiftene. Fjellstyret bør vurderer å bidra på same måte. Røldal Hjorteviltvald sine utgifter til ettersøkshund var i 2020 kroner 3500,-.

### **Framlegg til vedtak:**

- Røldal Fjellstyre godkjenner at Røldal Statsallmenning vert eit jaktfelt for elg, rådyr og hjort, underlagt Røldal Hjorteviltvald.
- Alle (både innanbygds og utanbygds) som kjøper fellingsløyve på villrein på Røldal Statsallmenning får automatisk også løyve til jakte elg, hjort og rådyr.
  - o Jakttid for hjort er frå og med 1. september til og med 23. desember.
  - o Jakttid for elg er frå og med 25. september til og med 23. desember.
  - o Jakttid for rådyr er frå og med 25. september til og med 23. desember.
  - o Jakttid for voksen rådyrbukk er frå og med 10. august til og med 23. desember.
- I reinsjakta (frå og med 1. september til og med 30. september) vil tillatinga berre gjelde i det aktuelle området kor jegeren har løyve på å felle villrein. Etter 1. oktober vil heile Røldal Statsallmenning (villreinalda HA280 og SE146-6 inkl. Breifonn SA) vera open for hjort og elgjakt for dei som har kjøpt løyve på villrein av Røldal Fjellstyre.
- Jeger som feller anten hjort, elg eller rådyr på Røldal Statsallmenning pliktar å rapportere dette til Røldal Fjellstyre så snart det lar seg gjera. Røldal Fjellstyre forbehold seg retten til å avslutte jakta på kort varsel.
- Innanbygdsjeger som feller anten hjort, elg eller rådyr, skal betale fellingsavgift til Røldal Hjorteviltvald etter deira til ein kvar tid gjeldane satsar. I 2021 er desse:
  - o Vaksen elg 1200,-
  - o Elgkalv 500,-
  - o Vaksen hjort 700,-
  - o Hjortekalv 400,-
  - o Rådyr 0,-
- Utanbygdsjeger betalar dobbel pris i fellingsavgift til Røldal Hjorteviltvald.
- Fjellstyret betaler kr 3.500,- i støtte til Røldal Hjorteviltvald til avtale om ettersøkshund.

